

Til naboar og høyringsinstansar

Stord, 19.03.2026

Melding om endring av plangrense – Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd, 202/140 mfl., Kvinnherad kommune Plan-ID 20230002

I 2024 varsla ABO Plan & Arkitektur Stord AS om oppstart av planarbeid for Røysaneset industribase (planid 20230002) på vegne av Røysaneset Industribase AS og Halsnøy Industribase AS. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri.

I samsvar med plan- og bygningslova vert det med dette meldt om endring av plangrensa for detaljreguleringa. Endringa omfattar mindre justeringar av plangrensa langs eksisterande tilkomstvegar, for å tilpasse planen til innmålt situasjon og for å kunne oppfylle kommunale krav til utbetring av vegføremål samt sikre tilfredsstillande siktforhold.

Varsel om oppstart er tidlegare varsla i avis og brevs form i 2024 og samanlikna med plangrensa varsla i 2024 er planområdet redusert enkelte stader og utvida andre stader. Justert planområde utgjer om lag 505 daa totalt. Vedlagd kart syner tidlegare varsla plangrense (blå stipla linje) og endra plangrense (svart stipla linje). Det er merka i kartet der planområdet er utvida i høve til varsla plangrense frå 2024 (utviding synt med raud skravur). Innskrenkingar er ikkje synleggjort i kartet. Zoom inn i vedlagd pdf for å sjå detaljar.

Etter avtale med kommunen er dette varselet sendt på avgrensa høyring til rørte grunneigar innanfor planområdet, tilgrensande naboar til der endringa er gjort og vegeigarar (Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune). Varselet ligg på kommunen si arealplanside og Nordplan Stord AS si heimeside. Her kan ein også finne tidlegare varsel om oppstart.

[arealplaner.no | 20230002 > Planbehandlinger](https://arealplaner.no/20230002) eller [Aktuelt - Nordplan](#).

Informasjonsmøte

Som lova på folkemøte 11.04.2024 vert det arrangert nytt ope informasjonsmøte. Føremålet med møtet er å informere om planframlegget før innlevering til Kvinnherad kommune.

- Møtet vert arrangert onsdag 25.03.2026 kl. 16.30
- Plassering: kantina i administrasjonsbygget til Tronds Marine (Røysanesvegen 18).

Innspel

ABO Plan & Arkitektur Stord AS har den 01.03.26 inngått samarbeid med Nordplan AS, og bytta namn til Nordplan Stord AS. Moglege innspel og synspunkt til planarbeidet skal difor sendast skriftleg til:

Nordplan Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: khr@nordplan.no Innan høyringsfristen: **16.04.2026**

Med vennleg helsing
Nordplan Stord AS
Kari Hilde Rommetveit

Vedlegg:

- Planavgrensing
- Kart som viser endring i plangrensa samanlikna med tidlegare varsla plangrense